

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER – VARSEL UTVIDELSE OG ENDRING AV PLANGRENSE i 2018

Plannamn	Områdeplan Dalstø Mjåtveitstø, Alver kommune
Arealplan-ID	125620170002
Saksnummer	20/300
Utarbeidd av	Ard arealplan as
Datert/Revidert	30.03.2023

	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Forslagsstillars kommentar
1	Fylkesmannen, i e-post 26.07.18	Fylkesmannen har ingen merknader til endringane.	Tas til orientering
2	Statens vegvesen, 16.08.18	Vegvesenet gjer merksam på at det ikkje er ønskjeleg med nye avkøyrslar på vegstrekinga, og nyskapt trafikk må difor leiast ut i eksisterande kryss. Dei visar til uttale 30.11.17.	Det skal ikkje etablerast nye avkøyrslar, men det skal etablerast rundkøyring.
3	Hordaland fylkeskommune, 20.09.18	Fylkeskommunen har revidert kostnadsoverslag for arkeologisk registrering etter endra planområde og ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget.	Registrering er utført og det er utarbeida ein eigen rapport som konkludera med at det ikkje vert funn av freda kulturminne som kjem inn under kulturminnelova § 4.
4	Fiskeridirektoratet, i brev datert 08.08.18	Fiskeridirektoratet har ingen registrerte fiskeriinteresser i planområdet eller nærliggende område som vil være i vesentlig konflikt med reguleringsformålet i planen. På bakgrunn av dette har de ingen merknader til varselet.	Tas til orientering
5	Fiskarlaget Vest, i e-post 25.07.18	Ein visar til deira uttale 06.12.17 til denne saka, og dei ser positivt på at reguleringsgrensa mot sjø er flytta til strandsona. Dei har elles ikkje merknader.	Tas til orientering
6	BKK i e-post 02.08.18	BKK viser til tidlegare innsendte merknad ref. nr 11930605 datert 08.12.2017. BKK har ikkje nye merknader til saken.	Tas til orientering. Uttale ved oppstart tas med i planarbeidet.
7	Bergen og omland friluftsråd (BOF), i e-post 31.07.18	I nærleiken av plangrensa forvaltar BOF Elvavika friluftsområde (omtrent 600m i luftlinje), samt Varnappen friluftsområde på Frekhaug, om ein rører seg rundt 1,5 km i luftlinje, begge friluftsområde ligg langs sjølina. I samband med planarbeidet ønskjer BOF å lansere høvet for at det kan verta bygd ein parkeringsplass innanfor planområdet, som kan fungere som ei sambruksløyning (både til utøving av friluftsliv i nærområdet, samt evt. ønska behov innan planområdet). I tillegg bør ein forsøke å få til ein tursti/veg i planområdet, som går langs sjølina og vidare bort til friluftsområde, slik at ein får ein samanhengande sti/veg. Dette vil styrkje friluftstilbodet i nærområdet. Den planlagde barnehagen (og evt. skule) kan og verta kopla på eit sånt nettverk, samt det vil styrkje kvaliteten på bustadutbygginga i området. BOF vonar ein vil vurdera ei slik løyning, og sjå fordelane med parkeringsareal og sti nettverk langs sjølina innanfor planområdet. Elvavika friluftsområde er eit sær populært	Det er ønskeleg å legge til rette med ein parkeringsplass i områdeplanen i tråd med merknaden frå BOF. Denne planleggast i nærleiken av, og nord for garden Mjåtveitstø. Dermed vil det vere kort veg til område for friluftsliv. Det planleggast og for både stiar og turvegar, blant anna ein kyststi.

		<p>og godt tilrettelagt friluftsområde BOF forvaltar i (Meland) Alver kommune, men det finst ingen offentleg parkeringsmoglegheit knytt til området, og det trekk ned kvaliteten på friluftsområdet.</p> <p>I samband med Varnappen friluftsområde er det gode parkeringshøve, sidan (Meland) Alver kommune har bygd ut (sambruksløysing på kaien og pendling). BOF vonar ein kan få til noko tilsvarande i denne prosessen.</p> <p>BOF kan stille på eventuelle synfaringar i samband med gode løysingar for friluftslivet, om det skulle verta aktuelt.</p>	
8	Bygghuset utvikling, 16.08.18	Mjåtveitstø 12 med gbnr 322/82 ønskjer ikkje å vere med i områdeplanen, og ber om at Mjåtveitstø 12 tas ut.	Ved oppstart av planarbeid skreiv Bygghuset utvikling at dei ønska å detaljregulera sin eigedom med høg utnytting og føremål bustad. Det er og viktig med tilkomst vidare inn i området sett av til bustad i kommuneplanen, og det er så langt vurdert at det er naudsynt med tilkomst frå denne eigedomen, i søraust (i god avstand frå busetnad). Endeleg plangrense vil framkome ved offentleg ettersyn. Det tas kontakt med Bygghuset utvikling i det vidare planarbeidet.
9	Flataker, 17.08.18	Merknadstillar ønskjer at Mjåtveitstø 6, gbnr 322/150 og 68 ikkje tas med i områdeplanen.	Det er viktig at det er sett av nok areal i områdeplanen for å kunne vurdere alle moglegheit for tilkomst til areal sett av til bustad i kommuneplanen. Endeleg plangrense vil framkome ved offentleg ettersyn. Det tas kontakt med Flataker i det vidare planarbeidet.
10	Sagstad, 17.08.18	Sagstad er i utgangspunktet skeptisk til nokre grenser, blant anna bandlegging av hans slåttemark. Han poengterer at han har lite frå før, og viss dette arealet forsvinn i framtida kan han leggje ned drifta, og det ønskjer han ikkje med mindre kompensasjonen oppvegar tapet.	Det er i utgangspunktet ikkje tenkt å bandlegge slåttemarka til Sagstad. Planavgrensinga råkar i særskilt liten grad hans areal.
11	Totland, 17.08.18, gnr 319 bnr 21	Er innstilt på ein rimeleg løysning der vegbehov påverkar hans areal. Han forventar at utviding av veg leggst utanfor opparbeida bustadtomt, og at 319/21 omregulerast frå LNF til bustadformål for å harmonera med gjeldande utnytting.	Det er ikkje planlagt veg som vil påverke hans areal. Endeleg føremål på eigedomen til Totland vil avklarast i det vidare planarbeidet.